



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Sonja Ramsvik, 55 57 21 56

Vår dato
10.01.2018
Dykkar dato
18.12.2017

Vår referanse
2017/15286 523.3
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Stimuleringstilskot til kommunal veterinær for 2018

Fylkesmannen i Hordaland har fått tildelt kr. 1.231.602,- som skal fordelast til stimuleringstilskot for kommunal veterinærteneste for 2018.

Forvaltninga av stimuleringstilskotet.

Stimuleringstilskotet skal bidra til å sikre tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell i næringssvake områder. Fylkesmannen avgjer kva kommunar som kan få stimuleringstilskot.

Kommunar med dårleg næringsgrunnlag skal bli prioritert. Andre kriterier er lågt dyretal og krevjande i infrastruktur, om det omsøkte stimuleringstiltaket er eit passande verkemiddel for å bidra til å sikre tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell. Aktuelle stimuleringstiltak kan til dømes vere å opprette kommunale veterinærstillingar og å gje etableringsstøtte eller driftsstøtte. Andre stimuleringstiltak kan også tenkast.

Vedtak om stimuleringstilskot gjeld for eit år om gongen. Enkelte av stimuleringstiltaka kan vere av ein slik karakter at det kan vere gunstig å gje middel for fleire år av gangen. Fylkesmannen kan i desse tilfella gje signal om at det vil bli gitt tilskot for meir enn eit år dersom Stortinget løyvar middel til formålet òg i neste budsjettperiode.

Rapportering 2016 og 2017

Fylkesmannen ber om rapport over kva tilskota for 2016 og 2017 vart nytta til. Svarfrist 31. januar 2017/2018.

Søknadsfrist og utbetaling 2018

Fylkesmannen ber om at søknader om stimuleringstilskot blir sendt inn innan 31. januar 2018.

Med helsing

Dirk Kohlmann
Ass. landbruksdirektør

Sonja Ramsvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

